



KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

Møtedato: 15.09.2015

Stad: Radøy kommunehus, møterom Hågarden

Kl.: 09.00 – 12.00

Tilstade: Arild Tveranger (leiar), Astrid Nordanger (nestleiar), Oddmund Skjelvik, Eva Karin Klausen, Jan Tore Hvidsted og Arvid Aasgard (varamedlem)

Innkalla:

Revisjon:

Sekretær: Tonje Husum Aarland

Forfall:

.....

23/15 Barnevernstenesta i Radøy

Saksvedlegg: Saksdokumenta er unntatt offentlegheit med heimel i offentleglova §13 og forvaltningslova §13 og vert lagt fram i møte.

Kontrollutvalet vel å lukke møtet under dette punktet med heimel i offentleglova §13, forvaltningslova §13 og kommunelova §31.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ønskjer å bestille ei forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta i Radøy kommune. Kontrollutvalet foreslår at det i ei forvaltningsrevisjon vert fokusert på desse momenta:

- Barnevernstenesta sine rutinar ved vedtak om omsorgsovertaking og eventuelt tilbakeføring
- Barnevernstenesta sine rutinar ved internkontroll av vedtak i dei to siste periodane
- Barnevernstenesta sine rutinar ved oppfølging av barn i fosterheim
- Barnevernstenesta sine rutinar i saker der fleire kommunar er involvert


Kontrollutvalet ønskjer å stille spørsmål til rådmannen på neste møtet i kontrollutvalet 22. september: Kor tid er barnevernstenesta fri for ansvar i saker der familiar har flytta ut av kommunen?


Forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret ønskjer å bestille ei forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta i Radøy kommune. Kommunestyret foreslår at det i ei forvaltningsrevisjon vert fokusert på desse momenta:

- Barnevernstenesta sine rutinar ved vedtak om omsorgsovertaking og eventuelt tilbakeføring
- Barnevernstenesta sine rutinar ved internkontroll av vedtak i dei to siste periodane
- Barnevernstenesta sine rutinar ved oppfølging av barn i fosterheim
- Barnevernstenesta sine rutinar i saker der fleire kommunar er involvert

Manger, 15. september 2015


Arild Tveranger/leiar


Tonje Husum Aarland/sekretær